

Referat frå foreldremøtet tysdag 8.september 2015

10.09.2015

Kl.18.00 Barnehagen, møterom i samfunnsbygget

Sak 1: Luster barnehage 2015-16

- Oppstarten: vore veldig fint vær, så mykje ute. God innkjøring/ oppstart på det nye barnehageåret. Relativt rolig barnegruppe. Har kome i gang med tema; brann og fiskesprell.
- Barnegruppa: 4 nye barn + 2 nye torsdag 10.09, 4 har skifta avdeling og 4 har begynt på skulen. 15 barn på Søtekruse, 10 barn på Løvetann. 2012 kullet er delt på begge avdelingane. 30 plassar 3 dagar. 36 plassar 2 dagar.
- Personalet: ny styrar/ rektor, elles ingen heilt nye i personalet i år, berre endring av rollar. Vikariat for Solveig frå 4. november er lyst ut med søknadsfrist 13. september. Me har alt fått kvalifiserte søkerar.

Søtekruse: Turid, Evy, Tone Lise og May Grethe
Løvetann: Solveig, Anita, May Grethe og Lena

Sak 2: Årsplan/ tema

- Natur, miljø og teknikk: viser til årsplan
- Nærmiljø og samfunn: viser til årsplan
- Etikk, religion og filosofi: viser til årsplan

Årsplan blir delt ut 16.10.15. Har du innspel, forslag til endringar ol. så ta kontakt med Gøril Urdahl eller Heidi Alme som er dykkar representantar i samarbeidsutvalet. Den endelege årsplanen blir vedtatt i samarbeidsutvalet 24.09.15.

Sak 3: Gruppearbeid

Vi takker for mange gode innspel. Personalet vil jobbe vidare med synspunkta og forslaga. Noko gjer vi alt, og noko vil vi starte med/ gjere meir av.

Verdiar

- ta hensyn til andre
- ha respekt for andre sine grenser
- dela
- vere snill med kvarandre
- folkeskikk: høfleg og hyggeleg
- kunne seie unnskyld, gi ein klem; unnskyldninga må "bety" noko, ikkje berre eit ord for å komme seg ut av situasjonen
- ikkje vere redd for å sei ifrå om noko skjer
- mobbing og inkludering
- køkultur
- høre etter på namnet sitt
- blid
- møte ved levering og henting
- blide og positive
- inkluderande; sjå enkeltindividet/ rom for alle
- info: sett barnet
- leika, vere born, ikkje for mange krav
- sjå/ lære følelsar; ansikt, empati (steg for steg)

ADRESSE:

Luster oppvekstsenter
6872 Luster

57 68 59 20

eli.merete.moen@luster.kommune.no

- medbestemming/ respekt for kvarandre

Årstidene

- utelek/ oppleve årstidene
 - Gapahuken på Stoppelhaugen
 - kva er moro med dei ulike årstidene
- Haust: bærplukking; hauste av naturen
Vinter: skiløype på bana og aking
Vår: fjøsbesøk/ gardsbesøk og så/ plante frø
Sommar: bade/ leik med vatn

Sak 4: Val av foreldrerepresentantar

Leiar: Gøril Urdahl (sit i SU)

Nestleiar: Heidi Alme (sit i SU)

Vara: Laila Sætrehaug og Nina Karin Lerum

Sak 5: Ymse

Ingen innkomne saker.

- Alle takstar for tur med bil i barnehagen er uendra; ingen insigelsar
- Takstar: kr 30,- for turar i nærmiljøet,
 kr 40,- for turar innan kommunen,
 kr 60,- for lengre turar
- 6-års tur: barnehagen sender ut eit skjema til dei det gjeld før påske. Vil innehalde spørsmål om maks pris og forslag om turmål. Kom gjerne med innspel i forkant.
- Prespas: forskningsprosjekt "Fysisk aktivitet hjå barnehagebarn i Sogn og Fjordane." Gjeld barn f. 2010-12. Viser til tidlegare utdelt informasjon. Det er ikkje for seint å melde seg på enda, vi får ikkje aktivitetsmålarane før etter haustferien.
- Foreldrebetaling: ei ny ordning sikrar at ingen familie skal betale meir enn 6% av samla inntekt for ein barnehageplass. Det er og vedteke gratis kjernetid i 20 timer pr veke for 4- og 5-åringar i husstandar med samla inntekt under kr 405 000,- pr år. Eige informasjonsskriv er delt ut 09.09.15.
- Praktisk informasjon:
 - merk kle
 - sjekk strikkar i dressar og regnbukser
 - hyller og korger skal tømmast til siste helga i mnd.
 - hugs å gi beskjed viss barnet er sjuk/ skal ha fri evnt kjem seint.
 - veit du om at barnet ditt skal ha fri så gi beskjed med ein gong du veit.
- Avisoppslag: i løpet av det siste halve året har det fleire gonger vore landsdekkande oppslag om barnehagane i Noreg der du kan gå inn og finne ditt barn sin barnehage. Lurer du på noko som kjem fram i oppslaga så ta kontakt. Det er ikkje bestandig me som jobbar i barnehagen kjenner igjen alt som kjem fram.
- Heimesida: her kjem månadsplanar, oppskrifter, diverse informasjon og ikkje minst oppsummering av veka som var med bilet. Vekerapporten er som regel oppdatert seinast måndag kveld veka etterpå.
- Planleggingsdag 5. oktober, da er barnehagen stengt. Personellet skal på fagnettverk/ kurs.
- Haustferie 5. -9. oktober: av erfaring veit vi at nokre av barna i barnehagen tek fri når skulen har haustferie. Vi ynskjer å tilpasse bemanninga til behovet, bruke barnehagen sine ressursar til det beste for alle, og deler derfor ut ferielapp. Frist: torsdag 24.09.
- FAU og Samarbeidsutvalgsmøte (SU) torsdag 24.09. Skal bl.a. vedta barnehagen sin årsplan. Leiar og nestleiar i foreldrerådet møter.

- Sak 1: Oppvekstsenteret 2015-16
- Sak 2: Felles arrangement/samarbeid i årsplanen
- Sak 3: Leseopplæring
- Sak 4: Oppvekstbibliotek - orientering
- Sak 5: Ymse

Kl.19.30 Skulen, gym.sal i samfunnsbygget

- Sak 1: Luster skule 2015-16; Ordensregler, endring av ansvar på skulevegen
- Sak 2: Olweus-sertifisering
- Sak 3: IKT/Surface
- Sak 4: Val av foreldrerepresentantar FAU
- Sak 5: Ymse

Ca.Kl.20.00 klasseforeldremøte, 5.-7.klasse

Sjå eige referat.

Med helsing

Eli Hansen Moen *Referent: Lena Stai Bolstad*

rektor
tlf.:57 68 59 20

Kopi til:
Lena Stai Bolstad